



Bakgrunn for vedtak

Regulering og uttak av vatn til Mjåsund settefiskanlegg

Gulen kommune i Vestland

Tiltakshavar Firda Seafood Group AS
Referanse 201836921-14
Dato 13.02.2020
Ansvarleg Gry Berg
Sakshandsamar Silje Aakre Solheim

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Innhald

Samandrag.....	1
Søknad.....	2
Høyring og distriktsbehandling.....	4
NVE si vurdering	8
NVE sin konklusjon	12
Forholdet til anna lovverk	13
Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova.....	14
Vedlegg	16

Samandrag

Firda Seafood Group AS søker etter vassressurslova § 8 om løyve til regulering og uttak av vatn frå Mjømnevatnet og Randalsvatnet i Gulen kommune. Vatnet skal nyttast i eit nytt Mjåsund settefiskanlegg. NVE behandlar regulering, vassuttak og fysiske inngrep fram til vassmålaren på settefiskanlegget. Dette prosjektet omfattar også ein sjøleidning, den behandlar ikkje NVE. Sjølve settefiskanlegget skal behandlast etter plan- og bygningslova.

Firda Seafood Group AS planlegg å bygge eit nytt settefiskanlegg i Mjåsund. Det skal produserast 6000 tonn /6 millionar laks og anlegget skal vere basert på resirkulering av ferskvatn. Det er planlagt å regulere Mjømnevatnet med 2,5 m og Randalsvatnet med 0,5 m. Vatn skal overførast frå Randalsvatnet til Mjømnevatnet når det ikkje er overløp frå Mjømnevatnet. Det er planlagt slepp av minstevassføring på høvesvis 25 l/s og 10 l/s frå Randalsvatnet og Mjømnevatnet.

Fylkesmannen i Vestland peikar på ulemper for sjøaure, men meiner planlagt minstevassføring i stor grad vil avbøte skaden. Dei set som føresetnad at ålen ikkje vert hindra frå å vandre i vassdraga, og at det vert sett vilkår for å avgrense ulempe for hubro i anleggsperioden. Vestland fylkeskommune (tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune) informerer om tilstand etter vassforskrifta, og ber om at det vert teke omsyn til innlandsfisk og at NVE må vurdere om søknaden bør vurderast etter § 12 i vassforskrifta. Kystverket minner om at kryssing av Ånnelandssundet krev løyve etter hamne- og farvasslova. Direktoratet for mineralforvaltning har ingen merknadar.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til tiltaket må ikkje dei samla ulempene vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. Som ein del av konsesjonsvilkåra kan NVE setje krav om avbøtande tiltak for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

Ei utbygging av Mjåsund settefiskanlegg vil gje sysselsetting av inntil 10 årsverk. NVE har ikkje motteke særlege motførestillingar til tiltaket gjennom høyringsrunden. Etter NVE si vurdering er den største ulempa med vassuttaket knytt til anadrom fisk, og ev. for hubro i anleggsperioden. Med avbøtande tiltak i form av minstevassføring og ved å unngå anleggsdrift i hekketida for hubro meiner vi desse interessene vil vere tilstrekkeleg ivaretatt. Det vil også vere noko ulempe knytt til landskapsverdiar, men etter det NVE kjenner til er bruken av området avgrensa, og ein del av påverknadane vil også minke over tid.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Firda Seafood Group AS løyve etter vassressurslova § 8 til regulering, overføring og uttak av vatn frå Mjømnevatnet og Randalsvatnet. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende justert søknad fra Firda Seafood Group AS, datert 26.6.2019:

«Firda Seafood AS søker NVE om konsesjon etter vannressursloven § 8 for vannuttak og overføring av vann mellom vassdrag til planlagt nytt resirkuleringsbasert settefiskanlegg i Mjåsund Næringspark i Gulen kommune i Sogn og Fjordane:

- *Uttak av 3 m³/min (driftsvannføring, månedsmiddel) fra Mjømnevatnet til settefiskproduksjon*
- *Uttak av inntil 12 m³/min i korte perioder for oppfylling av kar – innenfor søkt månedsmiddel*
- *Regulering av Mjømnevatnet med 2,5 meter mellom HRV = 25,7 moh. og LRV = 23,2 moh.*
- *Overføre (pumpe) vann fra Randalsvatnet til Mjømnevatnet når hovedmagasin ikke har overløp*
- *Regulering av Randalsvatnet med 0,5 meter mellom HRV = 19,7 moh. og LRV = 19,2 moh. innenfor naturlig vannstandsvariasjon.*
- *Slipp av minstevannføring på 25 l/s fra Randalsvatnet til utløpselv hele året for ål og sjøaure*
- *Slipp av minstevannføring på 10 l/s fra Mjømnevatnet til utløpselv hele året for ål og sjøaure*

Bakgrunn for søknaden er planer om nytt settefiskanlegg i Mjåsundet Næringspark, med planer om årlig produksjon av 6 000 tonn og 6 mill. laks i resirkuleringsanlegg (RAS), også med bruk av sjøvann.»

Hovuddata for vassuttak til Mjåsund settefiskanlegg

TILSIG		Mjømnevassdraget	Randalsvassdraget
Nedbørfelt	km ²	1,11	3,37
Årleg tilsig til sjø	mill.m ³	1,32	5,94
Spesifikk avrenning	l/(s·km ²)	37,7	55,9
Middelvassføring	l/s	42	188
Alminneleg lågvassføring	l/s	9	26
5-persentil hele året	l/s	9	26
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	5	17
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	16	47

SETTEFISKANLEGG		Til settefiskanlegg	Pumpe-overføring
Inntak	moh.	25,7	19,7
Avløp	moh.	0	25,7
Tilløpsrøyr, diameter	mm	300	200
Brukstid	%	100	56
Maksimalt uttak til settefisk	l/s		150
Gjennomsnittleg månadleg uttak	l/s		50
Årleg vassuttak	mill. m ³ /år		1,577
Lengde på påverka elvestrekning	mm	0,400	0,400
Minstevassføring heile året	l/s	10	25

MAGASIN = samla 0,365 mill. m³		Mjømnevatnet 25939	Randalsvatnet 25937
Magasinvolument	mill. m ³	0,325	0,0851
Areal normalvasstand i dag	km ²	0,1381	0,0851
Normalvasstand i dag	moh.	25,0	19,7
HRV	moh.	25,7	19,7
LRV	moh.	23,2	19,2

Dette søknadsbrevet og hovuddatatabellen er basert på informasjon frå søkar i etterkant av synfaring. Etter synfaring vart det gjort nye oppmålingar av høgdekoter, og det vart gjort nokre mindre justeringar på omsøkt vassuttak. Det er denne versjonen av søknaden NVE baserer si vidare behandling på.

Om søkjar

Firda Seafood Group AS er eit familieeigd oppdrettsselskap, som sjølv har heile verdikjeden frå klekking, smoltproduksjon med fire settefiskanlegg, matfiskproduksjon i sjø med 14 konsesjonar, slakting og eksport. Selskapet omsette for over 1 milliard i 2016.

Skildring av området

Mjåsund settefiskanlegg er planlagt i Mjåsund Næringspark på Mjømna i Gulen kommune. Tiltaksområdet er eit lågtliggende og kystnært område med fattig berggrunn. Området er frå før av lite påverka. Mjømnevatnet er i dag brukt som privat drikkevassforsyning for nokre få hytter, og det er etablert ein dam i utløpet av vatnet. Utløpselva frå vatnet renn ut i Kvernevågen. Randalsvatnet ligg litt lågare enn Mjømnevatnet og er omgitt av ein rikare vegetasjon. Utløpselva frå Randalselva møter elva frå Midtbøvatnet ca. 100 m før utløpet til sjø i Randalsvågen.

Eksisterande inngrep

Mjømnevatnet er i dag demt opp om lag to meter med ein betongdam i utløpet. Vatnet vert ikkje aktivt regulert i dag.

Teknisk plan

Regulering

Mjømnevatnet skal regulerast med 2,5 m mellom HRV på kote 25,7 og LRV på kote 23,2. Her er det etablert dam i utløpet. Denne er planlagt opprusta og heva med 0,5 m. Randalsvatnet skal regulerast med 0,5 m mellom HRV på kote 19,7 og LRV på kote 19,2. Det skal byggast ein terskel i utløpet.

Overføring

Mjømnevatnet skal vere hovudmagasin, men dette vatnet har lite nedbørfelt. Randalsvatnet med større nedbørfelt er difor planlagt nytta som reservemagasin. Herifrå skal overskotsvatn pumpast over Mjåsundet til det høgareliggande Mjømnevatnet. Pumping skal skje berre når Mjømnevatnet er nedtappa, og når Randalsvatnet ikkje er tappa ned meir enn 0,5 m. Pumpekapasiteten er sett til 100 l/s.

Inntak og vassveg

Frå magasinet i Mjømnevatnet skal det gravast ned eit 300 mm plastrøyr fram til anlegget. Overføring av vatn frå Randalsvatnet vil skje ved pumping gjennom eit 200 mm røyr. Dette røyrret skal leggst i same grøft som inntaksleidningen på strekninga frå anlegget og opp til Mjømnevatnet. Over Mjåsundet og inn Randalsvågen blir røyrret lagt som sjøleidning med lodd. Frå Randalsvågen og opp til Randalsvatnet skal røyrret gravast ned langs vassdraget.

Veg

Det er ikkje planlagt nye vegar i samband med tiltaket.

Massetak og deponi

Det er ikkje planlagt verken massetak eller deponi i samband med utbygginga.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Sjølve settefiskanlegget og vassveg mellom Mjømnevatnet og anlegget ligg innanfor reguleringsplan for Mjåsund Næringspark.

Verneplan for vassdrag

Vassdraga er ikkje verna etter verneplan for vassdrag.

Nasjonale laksevassdrag

Vassdraga er ikkje nasjonale laksevassdrag.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og

involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 12.6.2019 saman med representantar for tiltakshavar, kommunen og grunneigarar. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine egne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Fylkesmannen i Vestland uttalte seg i brev av 22.3.2019:

«Fylkesmannen vurderer at regulering og uttak av vatn frå Mjømnevatnet og Randalsvatnet kan få negativ konsekvens for sjøaure, men at planlagt minstevassføring i stor grad vil avbøte skaden på fiskeproduksjonen. Elva frå Randalsvatnet, som har den klart største smoltproduksjonen i dag, vil verte mindre påverka enn elva frå Mjømnevatnet, som har lite sjøaure.

Det er ein føresetnad at ålen kan vandre mellom sjøen og dei to vatna. Nøyaktig, teknisk utforming av dei avbøtande tiltaka for ål må difor planleggjast i samråd med ein fagleg kvalifisert person, og tiltaka må evaluerast for å dokumentere at dei får den tilsikta effekten.

Vidare ber vi om at det vert sett vilkår om å unngå arbeid i hekketida for raudlista fugleart, om denne oppheld seg i nærområdet til planområdet.

Vi ber om å få detaljplanen på høyring.»

Vestland fylkeskommune (tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune) kom med uttale i brev av 26.3.2019. Vestland fylkeskommune informerer om tilstand etter vassforskrifta. Begge vassforekomstane har miljømål god økologisk tilstand. Mjømnevatnet har i dag moderat økologisk tilstand og Randalsvatnet (Sandøyna vest) har svært dårleg tilstand. Begge innsjøane er påverka av sur nedbør.

Fylkeskommunen ber om at det også vert teke omsyn til innlandsfisken.

Fylkeskommunen meiner NVE må vurdere om søknaden bør vurderast etter § 12 i vassforskrifta. Og påpeikar at vassforskrifta ikkje opnar for at det kan gjerast tiltak som gjer at tilstanden i vassforekomsten vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12.

Direktoratet for mineralforvaltning uttalte seg i brev av 20.2.2019. Direktoratet for mineralforvaltning har ingen merknader til søknaden.

Kystverket kom med uttale i brev av 18.2.2019. Kystverket minner om at Ånnelandssundet er ei farlei, og at kryssing av sundet krev løyve etter hamne- og farvasslova.

Søkar sine kommentarar til høyringsuttalane

«1) Kystverket

Kystverket Vest har ikke merknader til uttak og regulering av innsjøene, men minner om at kryssing av farleden i Ånnelandssundet med vannledning krever tillatelse etter Havne- og farvannsloven. Kystverket vil behandle søknad om vannledning i forbindelse med søknad etter akvakulturloven.

Søkers tilsvaer: Ingen kommentar, og anser at dette vil være en naturlig behandling.

2) Direktoratet for mineralforvaltning

DMF kan ikke se at tiltaket kommer i konflikt med registrerte forekomster av mineralske ressurser, og har derfor ingen merknader til søknaden.

Søkers tilsvaer: Ingen kommentar

3) Fylkesmannen i Vestland

Fylkesmannen vurderer at regulering og uttak av vann både fra Mjømnevatnet og Randalsvatnet kan få negativ konsekvens for sjøaure, men at planlagt minstevannføring i stor grad vil avbøte skaden på fiskeproduksjonen. Elven fra Randalsvatnet, som har den klart største smoltproduksjonen i dag, vil bli mindre påvirket enn elven fra Mjømnevatnet, som har lite sjøaure.

Fylkesmannen ser det som en forutsetning at ålen skal kunne vandre mellom begge innsjøene og sjøen. Nøyaktig teknisk utforming av de avbøtende tiltakene for å sikre ålens både opp- og utvandring fra innsjøene må planlegges i samråd med faglig kvalifisert instans, og tiltakene må også evalueres for å dokumentere om de får den tilsiktede effekten.

Videre ber fylkesmannen om at det blir satt krav om at en unngår anleggsarbeid i hekketiden for rødlistet fugleart, dersom denne oppholder seg i nærområdet til planområdet. Det må også stilles krav om at en sikrer drikkevannsforsyningen til hyttene som i dag bruker Mjømnevatnet som vannkilde, slik det òg er omtalt i søknaden.

Fylkesmannen ber om å få detaljplanen på høring.

Søkers tilsvaer: Dette vil bli innfridd, for øvrig ingen kommentar

4) Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkeskommune savner vurderinger av det planlagte tiltaket i forhold til vannforskriftens § 12. Det gjelder både hvordan innlandsfisken i Randalsvatnet eventuelt blir påvirket av vannuttaket og reguleringen. Videre påpeker fylkeskommunen at det ikke kan gjennomføres tiltak som gjør at tilstanden i vannforekomstene blir dårligere, og de kan ikke se at dette er utredet med vurdering av tilstandsklasser og om inngrepet vil nedklassifisere tilstanden. Eventuelle vilkår for vannuttaket fra Randalsvatnet bør være regulert slik at også innlandsfisken blir tatt hensyn til.

Søkers tilsvaer: Tilstandsklasse i henhold til vanndirektivet er omtalt i søknadens kapittel 2.7.3 på side 15. Det er, helt riktig, ikke foretatt en vurdering av om tilstanden i de berørte

vannforekomstene vil bli endret slik at de oppnår en dårligere tilstand enn i dag. Klassifiseringen av Randalsvassdraget til «moderat» tilstand er basert på en bunndyrprøve på ett sted i vassdraget høsten 2017. Øvrige kvalitetselement viste i hovedsak beste tilstandsklasse «svært god».

Undertegnede, som både gjorde den konkrete innsamlingen og også klassifiseringen av Randalsvassdraget det vises til, hadde ønsket å få anledning til å benytte «ekspertvurdering» ved klassifiseringen. Det tilsier at en kan vektlegge det overordnede inntrykket av tilstanden i vannforekomsten, heller enn å vektlegge en til dels sterkt avvikende indeks i forhold til 7 andre undersøkte forhold med hovedsakelig «svært god» tilstand. Det ble imidlertid ikke akseptert og fylkeskommunen ønsket den gang at prinsippet om at «den dårligste styrer» skulle gjelde. Derfor «moderat» tilstand i utløpselven fra Randalsvatnet, mens de fleste forhold.

Når det gjelder om planlagte tiltak vil påvirke nåværende (omdiskuterte) tilstand, så vises til Vanndirektiv-veileder 2013:2 versjon fra 2018, vedrørende hydromorfologiske kvalitetselement som støtteparametere for tilstandsklassifisering (tabell 3.2 side 19). Hydromorfologiske kvalitetselement er:

- 1) Vannstandsvariasjon målt som reguleringshøyde i meter
- 2) Endring i vanndekket areal (oppdemming/nedtapping)

For innsjøvurderinger gjelder dette i vannplanteindeksender, der vinternedtapping på mer enn 3,3 meter må til for at det skal bli dårligere enn tilstand «god». Når det gjelder fisk og klassifisering av innsjøer, antas det (tabell 6.9 side 95) at innsjøer med reguleringshøyde (HRV-LRV) på under 5 meter gir «god status» og at reguleringshøyde under 1 meter gir «svært god» status.

Søkt regulering av Mjømnevatnet er 2,5 meter mellom høyeste og laveste vannstand, mens nåværende dam er 2 meter høy. Verken forskjellen fra nå, eller den nåværende tilstand tilsier at de hydromorfologiske kvalitetselementene blir endret til dårligere enn tilstand «god» for alle de omtalte vurderinger.

For Randalsvatnet, der det er søkt om 0,5 meter regulering, blir tilstanden uansett «svært god» vurdert ut fra de hydromorfologiske støtteparametere, og dette kan derfor ikke dra samlet tilstand ned. Tappekurver (figur 13 på side 41 i søknaden) tilsier at det generelt vil være nedtapping på mindre enn 10 cm på høsten da fisken i innsjøen skal på gytevandring til innløpsbekker, og en regner ikke med at dette vil påvirke mulighet for gytevandring.

Endret vanngjennomstrømming i innsjøer kan påvirke næringsforhold, ved at økt vannutskifting virker oligotrofierende og redusert vannutskifting virker eutrofierende. Begge innsjøene antas næringsfattige, og vanngjennomstrømming blir samlet sett lite endret siden det verken fraføres eller tilføres vann i nedbørfeltene.

Det er således ikke grunnlag for å anta at de planlagte hydromorfologiske endringer i de to innsjøene vil medføre at de endrer tilstandsklasse. Tiltakene i Randalsvassdraget vil heller ikke medføre særlige endringer for innsjøarene i vassdraget.

Oppsummert

Verken kystverket eller direktoratet for mineralforvaltning har merknader til foreliggende søknad om vannuttak. Kystverket vil imidlertid behandle planlagt sjøledning i farleden i

Ånnelandssundet etter Havne- og farvannsloven i forbindelse med søknad om konsesjon etter akvakulturloven.

Fylkesmannen i Vestland har fokus på tiltak for å sikre ålevandring til og fra begge innsjøene, og ønsker å få detaljplanen på høring. Fylkesmannens krav vil bli innfridd.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune påpeker at det ikke er foretatt noen vurdering av om søkt tiltak vil påvirke tilstand i vannforekomstene i forhold til vanndirektivets klassifisering, da også med hensyn på innlandsfisk. Slik vurdering er nå utført, og viser at de små inngrepene ikke vil endre status etter vanndirektivet.»

Tilleggsopplysningar

I etterkant av synfaringa har søkar levert oppdatert høgdegrunnlag og ei mindre justering på omsøkt vassuttak. Dette er inkludert i hovuddatatabell og skildring av prosjektet lenger oppe i dette dokumentet. Det er desse opplysningane NVE legg til grunn for vår vurdering.

NVE si vurdering

Søknaden gjeld etablering av eit nytt settefiskanlegg i Mjåsund. NVE behandlar reguleringane inkludert dam, terskel og installasjonar knytt til slepp av minstevassføring, sjølve vassuttaket og vassvegen fram til anlegget/vassmålar. Dette prosjektet inkluderer også ein sjøleidning, denne inngår ikkje i NVE si behandling av saka. Sjølve settefiskanlegget inngår heller ikkje i NVE si behandling. Dette må behandlast etter plan- og bygningslova.

Hydrologiske verknader av tiltaket

Settefiskanlegget nyttar eit samla nedbørfelt på 4,48 km² ved inntaket. Feltet består av to felt Mjømnevassdraget og Randalsvassdraget, som er høvesvis 1,11 og 3,37 km². Middelvassføringa for Mjømnevassdraget er 42 l/s og for Randalsvassdraget er den 188 l/s. Effektiv innsjøprosent for Mjømnevassdraget er på 10,7 % og for Randalsvassdraget er den 2,4 %. Avrenninga varierer frå år til år med mest avrenning haust og vinter. Lågaste vassføring opptrer gjerne om sommaren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 5 og 16 l/s for Mjømnevassdraget og 17 og 47 l/s for Randalsvassdraget. Alminneleg lågvassføring for Mjømnevassdraget er berekna til 9 l/s og for Randalsvassdraget 26 l/. Det er planlagt eit maksimalt vassuttak på 150 l/s til produksjon av settefisk (200 l/s i korte periodar for oppfylling av kar), og eit gjennomsnittleg månadleg vassuttak på 50 l/s. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring på 10 l/s frå Mjømnevatnet og 25 l/s frå Randalsvatnet heile året. I følgje søknaden vil dette føre til at 22,7 % av tilgjengeleg vassmengd vert nytta til produksjon av settefisk.

NVE har kontrollert det hydrologiske grunnlaget i søknaden. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkar sine berekningar. Alle berekningar på basis av andre målte vassdrag vil ved skalering til det aktuelle vassdraget vere hefta med feilkjelder. Dersom spesifikt normalavløp er berekna med bakgrunn i NVE sitt avrenningskart, vil vi påpeike at desse har ei usikkerhet på +/- 20 % og at usikkerheita aukar for små nedbørfelt.

I eit tørt år (1941) er det oppgitt i søknaden at det vil vere behov for å bruke magasinet i 311 døgn, medan i eit middels år er tilsvarande tal 142 døgn. I eit tørt år ser ein av magasinkurve i søknaden at magasinet med omsøkt vassuttak ville vere for lite. Det ville vere behov for å tappe meir enn 2,5 m frå Mjømnevatnet. Det vert opplyst i søknaden at etter 1982 har det ikkje vore noko år der det planlagde

manøvreringsopplegget ikkje vil vere tilstrekkeleg for det planlagde vassuttaket. Vasstand i Mjømnevatnet vil då vere tappa maksimalt 2,5 m og Randalsvatnet 0,5 m.

Av omsyn til fisken kan ikkje eit settefiskanlegg slutte å ta ut vatn når det kjem tørre periodar, slik som eksempelvis eit kraftverk kan. Det er difor svært viktig at eit settefiskanlegg blir planlagt og dimensjonert med utgangspunkt i den vassressursen ein har tilgjengeleg i eit tørt år. Av det hydrologiske grunnlaget ser vi at her vil det kunne bli knapt med vatn i særskilt tørre år.

Klimaendringar tilseier at sjansen for lange tørre periodar vil auke i framtida. Dette må Firda Seafood Group AS ta omsyn til når dei skal planlegge produksjonen. Ein eventuell konsesjon med vilkår frå NVE er absolutt og vi forventar at selskapet tilpassar produksjonen til den vassressursen dei har. Det er i søknaden nemnt at det ikkje er avgjort om anlegget skal byggast som eit RAS1 eller eit RAS2 anlegg. Med den relativt avgrensa vassressursen og den produksjonen som her er planlagt meiner NVE at selskapet bør ta omsyn til dette og velje den teknologien som krev minst vatn. Alternativet slik NVE ser det er å tilpasse produksjonen til den vassmengda ein har tilgjengeleg i eit tørt år. Selskapet bør også vurdere reservevasskjelder i form av for eksempel avsalting av sjøvatn.

Det hydrologiske grunnlaget viser tydeleg at tilgangen på vatn er knapp i forhold til den produksjonen som er planlagt. NVE legg til grunn at selskapet er klar over dette og vil tilpasse produksjonen deretter. Dersom NVE mottar søknadar om å tappe under LRV i tørre periodar kan ikkje selskapet rekne med å få løyve til dette dersom NVE ser at produksjonen ikkje er tilpassa vassressursen på ein god nok måte.

Naturmangfald

Det er ikkje laga ein eigen rapport for biologisk mangfald i samband med denne søknaden. Rådgivende Biologer AS har utarbeidd søknaden og var på synfaring med elfiske i området i august 2017.

Terrestrisk miljø

Rådgivende Biologer AS opplyser at det ikkje er registrert fuktigheitskrevande naturtypar knytt til dei to aktuelle vassdraga. Heile tiltaksområdet består av lyngheivegetasjon og fattigmyr i ein mosaikk. Sidan lyngheia ikkje har vore halden i hevd, er den her ikkje registrert som naturtype.

Søknaden og søk i Artskart og Naturbase viser at det er registrert følgjande terrestre raudlista artar i området: svartstrupe (EN), fiskemåse (NT), storspove (VU) og stare (NT) i området. Ingen av desse artane er direkte knytt til ferskvatn. Fylkesmannen i Vestland opplyser også om registrering av hubro (EN) i området. Denne er var for forstyrning i hekketida, og det bør takast omsyn til dette i anleggsperioden. Etter innspel frå Fylkesmannen ser NVE at det kan vere behov for å sette vilkår om at ein skal unngå anleggsaktivitet kring Mjømnevatnet i perioden januar til slutten av mai. Viss det likevel er aktivitet i området knytt til utbygging av Mjåsund næringspark vil dette vere mindre aktuelt. Dette må vurderast i samråd med Fylkesmannen i Vestland.

Etter NVE si vurdering vil ikkje viktige terrestriske verdiar bli negativt påverka av det omsøkte tiltaket. Dei raudlista fuglane som er registrert i området er ikkje direkte knytt til ferskvatn. Dei vil kanskje sky området i anleggsperioden, men i etterkant vil tilhøva vere tilnærma som før for desse. Med avbøtande tiltak i form av restriksjonar på anleggsperioden vil ein ivareta hubro i hekkeperioden.

Akvatisk miljø

Mjømnevatnet har to innløp i nord, og det eine av desse vart elektrofiska i august 2017 utan at det vart fanga fisk. Rådgivende Biologer AS opplyser at det ikkje er gyteforhold i elva, og at den truleg går tørr i tørre periodar. Det vart også fiska utan resultat langs dammen. Like nedstraums dammen vart det fanga ein ål (VU). I utløpselva vart det observert to aurar. Nede ved sjøen er det mogleg for aure å vandre om lag 140 m opp i vassdraget. Her vart det fiska over ei 10 m lang strekning og fanga 9 aure mellom 5,7 og 12,6 cm. Det vart også observert ål. Denne elva har brukbare gyteforhold og produserer truleg noko sjøauresmolt. Samla smoltproduksjon på den anadrome strekninga er estimert til mindre enn 50 smolt per år.

Randalsvatnet har tre innløpsbekkar der auren kan vandre eit stykke oppover alle. Det vart funne yngel i alle desse bekkane, i tillegg til ål i bekkane som kjem frå aust og nord. Utløpsbekken renn i ein foss om lag 60 m nedstraums vatnet. Denne fungerer som vandringshinder for anadrom fisk. Nedanfor fossen er det tidvis gode gyteforhold for aure, og det er gode oppvekstforhold på det meste av strekninga ned mot sjøen. Samla anadromt areal ovanfor samløpet med elva frå Midtbøvatnet er på 1500 m², noko som gjev ein forventa samla smoltproduksjon på mellom 300 og 400 smolt.

Det planlagde tiltaket vil medføre redusert vassføring på dei to anadrome strekningane som vil bli påverka. Rådgivende Biologer AS meiner den omsøkte minstevassføringa vil avbøte i tilstrekkeleg grad på dei negative verknadane, og at den også vil vere tilstrekkeleg for å sikre opp- og utvandring av ål.

I tillegg til ål er det også registrert oter (VU) i området, men då i tilknytning til sjø. Ein kan ikkje utelukke at oteren nyttar seg av vassdraga til fiske, men truleg er den i størst grad knytt til sjøen, og næring den finn der.

For det akvatiske miljøet vil truleg tiltaket potensielt ha størst negativ verknad for sjøaure i vassdraga. Frå dammen i Mjømnevatnet har det ikkje vore slept minstevassføring tidlegare, men ein må anta at der har vore meir overløp enn ein no vil få. Det er uvisst om denne elva regelmessig har vore tørr. Verdien for sjøaure er her relativt låg, og NVE meiner den omsøkte minstevassføringa vil avbøte tilstrekkeleg i forhold til dei verdiane som finst her.

Elvestrekningen frå vandringshinderet nedstraums Randalsvatnet og ned til sjøen har noko større verdi for sjøaure. Elva renn her i eit fint elveløp godt eigna for gyting og oppvekst. Lengst nede kjem det inn vatn frå Midtbøvassdraget. Det er planlagt ei minstevassføring på 25 l/s, noko Fylkesmannen i Vestland meiner i stor grad vil avbøte skaden på fiskeproduksjonen. Dei skriv også at elva frå Randalsvatnet, som har klart størst smoltproduksjon i dag, vil verte mindre påverka enn elva frå Mjømnevatnet, som i dag har lite sjøaure. NVE støttar seg på Fylkesmannen si vurdering og meiner tiltaket med avbøtande tiltak i form av minstevassføring vil vere akseptabelt for anadrom fisk. Vi vurderer også minstevassføring som tilstrekkeleg for å sikre opp- og utvandring av ål. I tillegg til minstevassføring er ålen også avhengig av at ikkje vandringsvegen vert sperra av den nye terskelen i Randalsvatnet.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om regulering og vassuttak til Mjåsund settefiskanlegg legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, høyringsuttalar, og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 9.9.2019. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til vassuttaket til Mjåsund settefiskanlegg finst det sjøaure, ål (VU), oter (VU), hubro (EN), svartstrupe (EN), fiskemåse (NT), storspove (VU) og stare (NT). Eit eventuelt vassuttak med tilhøyrande regulering, som omsøkt, vil etter NVE si mening ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5 gitt eventuelle avbøtande tiltak.

NVE har også sett påverknaden frå vassuttaket i samheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga er vurdert til ikkje å vere så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast i særleg grad.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Landskap, friluftsliv og brukarinteresser

Det planlagde settefiskanlegget ligg inst i landskapsregion 20 – «kystbygdene på Vestlandet». Denne regionen utgjer eit av landet sine kjerneområde for akvakultur. Området er prega av øyer, halvøyar og skjærgård. Både Mjømnevatnet og Randalsvatnet ligg i relativt ope terreng med låg vegetasjon. Ingen av vatna er synlege frå veg. Ved Mjømnevatnet er det allereie etablert ein dam. Denne skal sikrast og byggast på med 0,5 m. Den omsøkte reguleringa på 2,5 m vil kunne påverke landskapsbilete rundt vatnet. Vatnet ligg i eit relativt lukka landskapsrom, og ein må relativt tett innpå vatnet for å få oversikt. Sjølve vassleidningen skal gravast ned over eit område som allereie er regulert til industri. Etter det NVE kjenner til er det ikkje interesser knytt til friluftsliv og fiske ved Mjømnevatnet. Det er ingen merka stiar eller naturlege turmål i området.

Rundt Randalsvatnet framstår landskapet med vegetasjon som meir frodig. Det ligg nokre båtar ved vatnet og det er beitemark i området. Her skal det byggast ein 0,5 m høg terskel i utløpet og eit arrangement for slepp av minstevassføring. Reguleringa vil her vere avgrensa til 0,5 m og vil truleg ikkje ha nokon innverknad på opplevinga av landskapet. Vassleidningen skal gravast ned meir eller mindre langs vassdraget, og dette vil utgjere eit fysisk inngrep som vil vise att. Ein vil spesielt dei første åra få eit tydeleg sår, som vil vere skjemmaende for dei som eventuelt ferdast i området. Etter ei tid vil vegetasjonen ta seg opp att og synlegheita minske noko. NVE har heller ikkje her kjennskap til at området blir mykje brukt til friluftslivsaktivitetar. Ut i frå at det ligg båtar ved vatnet antar vi at det er noko fiske i vatnet. Vi kjenner ikkje til at det går merka stiar i området.

Ut i frå den kunnskapen NVE sit på vurderer vi at det ikkje er store brukarinteresser knytt til verken Mjømnevatnet eller Randalsvatnet. Ved Randalsvatnet vil fysiske inngrep knytt til etablering av terskel og vassleidning utgjere dei største inngrepa. Dette er inngrep som til ein viss grad vil bli

reduserte over tid. Ved Mjømnevatnet vil sjølve reguleringa vere det mest synlege. NVE meiner her at dei negative verknadane på landskap og friluftsliv vil vere akseptable ut i frå den avgrensa bruken det ser til å vere av områda.

Kulturminne

Det er etter det NVE kjenner til ikkje registrert kulturminne i dei aktuelle områda.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Tiltaksområdet ligg i mildt kystklima, og isforholda vil variere frå vinter til vinter. Ved raske vasstandsendingar i Mjømnevatnet vil ein kunne oppleve usikker is. Det bør difor skiltast på aktuelle stadar. Når det gjeld vasstemperatur og lokalklima vurderer NVE endringane til å vere beskjedne.

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Søkar opplyser at det er nokre få hytter som tar vatn frå Mjømnevatnet. Dette uttaket vil søkar sikre saman med sitt planlagde uttak og regulering. Med bakgrunn i dette vurderer NVE at det omsøkte vassuttaket ikkje vil vere negativt for vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser.

Samfunnsmessige fordelar

Ei eventuell utbygging av Mjåsund settefiskanlegg vil gje sysselsetting av inntil 10 årsverk ved anlegget og verdiskaping knytt til settefiskproduksjon.

Oppsummering

Ei utbygging av Mjåsund settefiskanlegg vil gje sysselsetting av inntil 10 årsverk. NVE har ikkje motteke særlege motførestillingar til tiltaket gjennom høyringsrunden. Etter NVE si vurdering er den største ulempa med vassuttaket knytt til anadrom fisk. Med avbøtande tiltak i form av minstevassføring meiner vi at denne interessa vil vere tilstrekkeleg ivaretatt. Det vil også vere noko ulempe knytt til landskapsverdiar, men etter det NVE kjenner til er bruken av området avgrensa, og ein del av påverknadane vil også minke over tid.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Firda Seafood Group AS løyve etter vassressurslova § 8 til regulering, overføring og uttak av vatn frå Mjømnevatnet og Randalsvatnet. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til akvakulturlova

Etablering og utviding av akvakulturanlegg er tiltak som treng avklaring i forhold til mange lover og ulike myndigheiter. Tiltaket skal vere klarert i forhold til alle aktuelle lover før det ev. kan starte.

Før ein kan sende inn ein komplett søknad etter akvakulturlova må forholdet til vassressurslova vere avklart med NVE, jf. pkt. 6.1.6 i Fiskeridirektoratet sin rettleiar og forskrift om samordning og tidsfristar i behandling av akvakultursøknader § 3 (FOR 2010-05-18-708). Dette inneberer at ein komplett søknad etter akvakulturlova må innehalde ein konsesjon etter vassressurslova (§ 8) eller eit vedtak om konsesjonsfritak (§18) til den konkrete etableringa eller utvidinga.

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta) gir tiltak som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplaner. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til forureiningslova

Tiltakshavar må søke til Fylkesmannen om nødvendig avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndighet til å gje vilkår etter forureiningslova.

Vurdering etter vannforskrifta § 12

I følgje vassforskrifta § 12 kan nye inngrep i ei vassforekomst gjennomførast sjølv om dette gjer at miljømåla i §§ 4-6 ikkje blir nådd eller at tilstanden forringas, gitt at nokre forutsetningar er oppfylte.

Når NVE har vurdert om det skal gjevast konsesjon etter vassressurslova § 8 har vi også gjort ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12, som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som vi vurderer som eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassforekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter postane 5 og 8 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyten av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at ein ikkje med rimelegheit kan oppnå føremålet med inngrepet i form av produksjon av settefisk med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnader er vurdert.

Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Reguleringsgrenser og slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og vassuttak er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

		Mjømnevassdraget	Randalsvassdraget
Middelvassføring	l/s	42	188
Magasinkapasitet	mill m ³	0,325	0,040
Alminnelig lågvassføring	l/s	9	26
5-persentil sommar	l/s	5	17
5-persentil vinter	l/s	16	47
Største vassuttak	l/s	200	
Gjennomsnittleg vassuttak	l/s	50	

Reguleringsgrenser

Følgjande reguleringsgrenser ligg til grunn for konsesjon gitt av NVE:

	Mjømnevatnet	Randalsvatnet
Normalvasstand i dag, kote	25,0	19,7
Høgste tillatne reguleringsgrense, kote (HRV)	25,7	19,7
Lågaste tillatne reguleringsgrense, kote (LRV)	23,2	19,2

Det er planlagt å regulere Randalsvatnet innanfor naturleg vasstandsvariasjon på 0,5 m. Mjømnevatnet skal regulerast med 2,5 m ved hjelp av eksisterande dam. NVE har ikkje mottatt merknadar til dei omsøkte reguleringsgrensene, og fastset difor reguleringsgrenser som oppgitt i tabellen over.

Slepp av vatn

Av omsyn til i hovudsak sjøaure og ål er det planlagt å sleppe 25 l/s frå Randalsvatnet og 10 l/s frå Mjømnevatnet heile året. NVE støttar seg på Fylkesmannen i Vestland si vurdering om at dette er tilstrekkeleg for å oppretthalde leveområda for sjøaure.

Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 25 l/s frå Randalsvatnet og 10 l/s frå Mjømnevatnet heile året.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføringa skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal kunne leggest fram på førespurnad frå NVE, og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Konsesjonen omfattar reguleringane inkludert dam, terskel og installasjonar knytt til slepp av minstevassføring, sjølve vassuttaket og vassvegen fram til anlegget/vassmålar. Dette prosjektet inkluderer også ein sjøleidning, denne inngår ikkje i NVE si behandling av saka. Sjølve settefiskanlegget inngår heller ikkje i NVE si behandling. Dette må behandlast etter plan- og bygningslova.

Detaljerte planer skal leggast fram og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt til NVE og vedtak må vere fatta. Konsekvensklassen er bestemmande for kva krav til sikkerheit som vert stilt til planlegging, bygging og drift og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar.

NVE vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

Vi viser også til merknadane i vilkår post 6 nedanfor, om kulturminne.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gjeve føringar andre stedar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnadar:

Dam Mjømnevatet	Dammen er allereie etablert, men den skal sikrast og hevast med 0,5 m. Teknisk løysning for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE
Terskel Randalsvatnet	Det skal etablerast ein terskel på 0,5 m i utløpet frå Randalsvatnet. Teknisk løysning for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE.
Vassveg	Frå Mjømnevatnet til anlegget skal det gravast ned ein vassleidning på 300 mm. Overføring frå Randalsvatnet til Mjømnevatnet skal gjerast med pumping gjennom ein vassleidning på 200 mm. Frå Randalsvatnet til sjøen skal røyret gravast ned langs vassdraget. Over Mjåsundet blir det lagt som sjøleidning med lodd. Frå sjøen opp til anlegget og vidare opp til Mjømnevatnet, skal røyret leggast i same grøft som inntaksleidningen frå Mjømnevatnet til anlegget.
Overføringar	Det skal overførast vatn frå Randalsvatnet til Mjømnevatnet via ein 200 mm vassleidning. Vatnet skal pumpast med ein kapasitet på 100 l/s. Det skal berre pumpast i periodar der vasstanden i Randalsvatnet ligg over LRV og det ikkje er overløp i Mjømnevatnet.

Største vassuttak	Søknaden oppgir 12 m ³ (200 l/s) i korte periodar for oppfylling av kar. Største uttak til sjøve settefiskproduksjonen er oppgitt til 150 l/s.
Gjennomsnittleg vassuttak	Søknaden oppgir 50 l/s.
Veg	Det er ikkje planlagt permanente vegar i samband med etablering av vassveg frå magasin til anlegg.
Avbøtande tiltak	Det skal vere mogleg for ål å passere opp og ned forbi dam og terskel. Av omsyn til mogleg hekkande hubro skal ein unngå anleggsarbeid i perioden januar til slutten av mai i området ved Mjømnevatnet. Dersom det er anna anleggsarbeid/aktivitet i Mjåsund næringspark når ein er klar til å starte anleggsarbeid ved Mjømnevatnet er dette vilkåret mindre aktuelt. Søkar må kontakte Fylkesmannen i Vestland for endeleg avklaring når dei er klare til å starte anleggsarbeidet.
Anna	Det er opplyst i søknaden at nokre hytter nyttar vatn frå Mjømnevatnet. Søkar må sørge for at desse vassforsyningsinteressene ikkje blir negativt påverka.

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Vedlegg

Kart

